



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Alfa Merethe Sefland, 55 57 21 15

Vår dato
03.02.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2014/15390 350
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Invitasjon til forebuande møte hjå Fylkesmannen i Hordaland 19. mars 2015 i samband med beredskapsgjennomgang i Hordaland fylkeskommune 21. april 2015

Vi viser til vårt brev av 28. oktober 2014 med varsel om beredskapsgjennomgang i Hordaland fylkeskommune og møte med Birte Markeseth Aasen og Inge Edvardsen fredag 30. januar 2015.

Fylkesmannen skal føre tilsyn med og vere rettleiar og pådrivar for samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i fylket, jf. Kgl. res. av 18.04.2008 Instruks for samfunnssikkerhets- og beredskapsarbeidet til Fylkesmannen og Sysselmannen på Svalbard:

III. Fylkesmannens oppgaver som veileder og pådriver

Fylkesmannen skal føre tilsyn med hjemmel i gjeldende lov- og forskriftsverk og gi råd, veilede og være pådriver for målrettet og systematisk arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap i fylket.

Fylkesmannen skal:

1. Påse at fylkeskommunen og kommunene ivaretar samfunnssikkerhet og beredskap i sin samfunnsplanlegging, for eksempel ved risiko- og sårbarhetsvurderinger.
2. Ta initiativ til og legge til rette for å få utført beredskapsplanlegging. Dette gjelder spesielt beredskapsplanleggingen til fylkeskommunale og kommunale myndigheter, interkommunale selskaper og statlige regionale etater.
3. Planlegge og lede beredskapsøvelser og -kurs innen fylket.

Fylkesmannen er tilsynsmyndigheit jamfør lov av 16. desember 2011 nr. 65 om næringsberedskap (Næringsberedskapsloven) § 12. Vidare kan Fylkesmannen be om dokumentasjon på at pliktene etter forskrift av 14. juni 2005 nr. 548 for sivil transportberedskap er ivareteke, ref. forskrifftas § 5.

Ved denne gjennomgangen ønskjer vi særskilt å sjå nærmere på sivil transportberedskap. I tillegg ønskjer vi gjerne øg ei oppdatering på Hordaland fylkeskommunes overordna analysar og planar knytt til risiko og beredskap.

Vi inviterer difor Hordaland fylkeskommune, gjerne ved beredskapskontakt og fylkesrådmann, til eit førebuande møte m/lunsj i Statens hus (Kaigaten 9) i Bergen **torsdag 19. mars 2015 kl. 10:00 – 12:00**.

Viss følgjande dokumentasjon ikkje allereie er sendt oss, ber vi om at fylkeskommunen seinast to veker før det førebuande møtet sender oss (per e-post):

- ROS-analysar
- Relevante utdrag av fylkeskommunens planverk (samfunn, transport og areal)
- Overordna krise-/beredskapsplan
- Relevante utdrag frå siste utgåve av fylkeskommunens styringsdokumentasjon (organisasjonskart, handlingsprogram, årsplanar, budsjett, årsmelding m.m.)
- Annan relevant dokumentasjon
- Ferdig utfylt statuskartleggingsskjema (så langt det passar for HFK)/(Excel-ark som blei sendt saman med varsel om tilsyn den 28. oktober 2014)

Underlag sendast på e-post til postmottak: fmhopostmottak@fylkesmannen.no med kopi til Alfa Sefland: fmhoams@fylkesmannen.no.

I det førebuande møtet vil vi gå gjennom våre forventningar til fylkeskommunen innan fagområdet, samt avklare eit opplegg for sjølve tilsynsdagen og eventuell ønskje/behov for dialog/synfaring påfølgjande dag. Fylkeskommunens representant(ar) må vere budd på å presentere fylkeskommunens arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, og gjere greie for mellom anna oppbygging og struktur i arbeidet, m.a. organisering, strategiar, målstyring osb.

Eventuelle spørsmål i forkant for det førebuande møtet kan rettast til Alfa Sefland på tlf. 55 57 21 15, eller, eventuelt til Arve Meidell på tlf. 55 57 21 10.

Med helsing

Arve Meidell
fylkesberedskapssjef

Alfa Merethe Sefland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.